



Voss herad

KONKURRANSEGRUNNLAG

Konkurranse med forhandling
etter del I og III i forskrifta

for anskaffing av

Mannskapsbil til Voss brannvern, klasse C.

Saksnr. 22/01665

Kvalifikasjonsfrist: 13.06.2022 kl. 12:00

Tilbudsfrist: 11.07.2022 kl. 12:00

Innhold

| | | |
|-----|---|----|
| 1 | GENERELL SKILDING | 3 |
| 1.1 | Oppdragsgivar | 3 |
| 1.2 | Skildring av leveransen | 3 |
| 1.3 | Deltilbud | 3 |
| 1.4 | Viktige datoar | 3 |
| 1.5 | Leverandør sine deltakingskostnader | 4 |
| 2 | REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD | 4 |
| 2.1 | Anskaffingsprosedyre | 4 |
| 2.2 | ILO - kjernekonvensjonar | 5 |
| 2.3 | Skatteattest | 5 |
| 2.4 | Tiepleikt | 5 |
| 2.5 | Vedståingsfrist | 5 |
| 2.6 | Oppdatering av konkurransegrunnlaget | 5 |
| 2.7 | Avlysing og avvising | 5 |
| 2.8 | Tilleggsopplysningar | 6 |
| 3 | DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) | 6 |
| 3.1 | Generelt om ESPD | 6 |
| 3.2 | Nasjonale avvisingsgrunnar | 6 |
| 3.3 | Alle kvalifikasjonskrav kan oppgivast samla i ESPD-skjemaet | 7 |
| 4 | KVALIFIKASJONSKRAV | 7 |
| 4.1 | Leverandøren si registrering, autorisasjon mv. | 7 |
| 4.2 | Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet | 7 |
| 4.3 | Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren | 7 |
| 5 | UTVELJINGSKRITERIUM | 8 |
| 6 | TILDELINGSKRITERIUM | 8 |
| 7 | INNLEVERING AV FØRESPURNAD OM DELTAKING I KONKURRANSEN | 9 |
| 8 | INNLEVERING AV TILBOD | 9 |
| 8.1 | Tilbodets utforming | 9 |
| 9 | VEDLEGG | 10 |

1 GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgivar

Voss herad er ein kommune sentralt i Vestland fylke. Kommunen grensar i vest til Vaksdal, i sørvest til Kvam, i aust til Ulvik, og i nord til Aurland og Vik.

Voss er hovudsakleg ein innlandskommune og eit trafikknutepunkt, og er med sine 1805 kvadratkilometer ein stor kommune i Vestland. Innbyggjartalet er per 1/1-20 på 15 470 innbyggjarar.

For meir informasjon om Voss herad, sjå www.voss.herad.no

Kontaktperson hjå oppdragsgjevar er:

| | |
|--------|------------------------------|
| Namn: | Geir Egil Flatabø |
| e-post | geir.e.flatabo@voss.herad.no |

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgivar når det gjeld denne konkurransen enn nemnde kontaktperson.

1.2 Skildring av leveransen

Voss herad skal gå til innkjøp av ein ny, mindre mannskapsbil kl. C, inntil 13,5t. Denne skal vera godkjent som eit uttrykningskøyretøy. Ein demobil kan vurderast kan vurderast dersom den tilfredsstillar kravspesifikasjon. Parallele tilbod blir akseptert. Ei nærmare skildring ligg i vedlegg 4 - Kravspesifikasjon

1.3 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

1.4 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

| Aktivitet | Tidspunkt |
|---|----------------------|
| Frist for å levere førespurnad om å bli kvalifisert | 13.06.2022 kl. 12.00 |
| Frist for å levere tilbod | 11.07.2022 kl. 12.00 |
| Evaluering/Forhandling | Veke 31 -32 |
| Melding om val av leverandør | Veke 32 |
| Klagefrist | 10 dagar |
| Kontraktsinngåing | Veke 34 |

| | |
|------------------------------|------------------------------|
| Vedståingsfrist for tilbodet | 3 månadar etter tilbodsfrist |
|------------------------------|------------------------------|

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda er førebelse. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med samtykke frå leverandøren.

1.5 Leverandør sine deltakingskostnadar

Kostnadar som leverandør pådreg seg i samband med utarbeiding av tilbod, prøvekjøring m.m., vil ikkje bli refundert.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikta oppdragsgjevaren til å inngå kontrakt med leverandør, eller involvere oppdragsgjevar i økonomiske forpliktingar.

2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren konkurranse med forhandling etter kunngjering på førehand, jf. §13-1(2).

Denne konkurransen blir innleidd med ein kvalifiseringsfase. Berre dei tilbydarane som oppfyller kvalifikasjonskrava og har vorte inviterte, vil få høve til å levere tilbod.

Alle inviterte tilbydarar vil få tilboda sine evaluerte. Tilbydarane med dei tre beste tilboda etter innleiande evaluering vil bli inviterte til forhandlingar.

Oppdragsgjevar vil gje tilbydarar som har fått sine tilbod forkasta, ein skriftleg tilbakemelding med grunngjeving. Ei slik avvising vil utelata moglegheit for å få forhandla sitt tilbod.

Etter forhandlingane og eventuelle oppdaterte tilbod vil endeleg evaluering av dei tre tilboda bli gjort og kontrakt tildelt. Det blir gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8(1) b. Ei slik avvising vil utelukke moglegheit for å få forhandle om tilbodet sitt.

Forhandlingar blir ikkje gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer at forhandlingar ikkje er føremålstenlege. Dialog i form av rettingar/avklaringar blir gjennomførte ved behov.

Tilbydaren blir på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt via Mercell til kontaktperson.

2.2 ILO - kjernekonvensjonar

Oppdragsgjevar krev at tilbydar følgjer ILO-kjernekonvensjonar ved utføringa av kontrakten.

2.3 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

2.4 Teieplikt

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

2.5 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.4 ovanfor.

2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar som har vorte inviterte til å levere tilbod.

2.7 Avlysing og avvising

Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å avlyse konkurransen om det føreligg sakleg grunn, for eksempel fråfall av planlagt finansiering. Om konkurransen viser at kostnadane vert høgare enn budsjettert etc.

Oppdragsgjevar kan forkaste alle tilbod dersom resultatet av konkurransen gjev sakleg grunn for det.

2.8 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgjevar sin kontaktperson via Mercell.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson via Mercell.

3 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

3.1 Generelt om ESPD

Som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, at det ikkje ligg føre avvisingsgrunnar og eventuelt oppfylling av utveljingskriterium, skal leverandøren fyller ut vedlagde ESPD-skjema. Skjemaet skal leverast saman med førespurnaden om deltaking.

Oppdragsgivar kan på kvart eit tidspunkt i konkurransen be leverandøren levere alle eller delar av dokumentasjonsbevisa dersom det er nødvendig for å sikre at konkurransen blir gjennomført på riktig måte.

3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsette i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivaren sin medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i § 24-2 i anskaffingsforskrifta, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.

- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

3.3 Alle kvalifikasjonskrav kan oppgivast samla i ESPD-skjemaet

I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD-skjemaet gi ei samla erklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette gjer ein i del IV seksjon a i ESPD-skjemaet.

4 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne bli invitert til å levere tilbod til konkurransen, må interesserte leverandørar fylle ut det elektroniske eigenerklærings skjemaet som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava nedanfor.

4.1 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|--|---|
| Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. | <ul style="list-style-type: none">• Norske selskap: Firmaattest• Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert. |

4.2 Leverandøren sin økonomiske og finansielle kapasitet

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|---|
| Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkelig til å oppfylle kravet. | <ul style="list-style-type: none">• Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratinga skal vere utført av kredittopplysningsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. Anna dokumentasjon kan vurderast. |

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje fram eit anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

4.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|--|
| Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som kan samanliknast. | Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør. |

5 UTVELJINGSKRITERIUM

I denne konkurransen vil alle leverandørar som leverer førespurnad og som tilfredsstillar kvalifikasjonskrava få invitasjon til å levera tilbod.

6 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på desse kriteria:

| Tildelingskriterium | Vekt | Dokumentasjonskrav |
|---|------|--|
| Pris | 50 % | <ul style="list-style-type: none"> Ferdig utfylt prisskjema |
| Garanti og service | 15 % | <ul style="list-style-type: none"> Service. Oppgje responstid, garantert maksimum responstid frå når ein melder om feil. Skildre serviceapparat i området. Skildre kva garantiordningar som gjeld på alt utstyr. |
| Kvalitet <ul style="list-style-type: none"> Førarmiljø Funksjonsmessige eigenskapar | 35 % | <ul style="list-style-type: none"> Produktdatablad / informasjon om køyretøyet og utstyr. |

Om garanti og service

Det skal og leggjast ved forslag til service-/vedlikehaldsavtale for påbygg.

Testing av produktkvalitet

Voss herad vil kunne ha rett til å teste ein tilsvarande mannskapsbil for å vurdere kor eigna køyretøyet er, samt om det er samsvar mellom køyretøy og kravspesifikasjon.

7 INNLEVERING AV FØRESPURNAD OM DELTAKING I KONKURRANSEN

Førespurnaden skal leverast via Merccell-portalen innan fristen som er gjeven i pkt. 1.5. For seint innkomne førespurnader vil bli avvist.

Førespurnaden skal leverast etter den utforminga det elektroniske systemet for innlevering visar.

- Stadfesting på at leverandøren forespør om deltaking i konkurransen. Vedlagt skjema, Vedlegg 1 skal nyttast.
- Utfylt egenerklærings skjema.
- Dokumentasjon j.fr. krava i kap. 4, kvalifikasjonskrav, skal leggjast ved.

Forpliktingserklæring frå annan verksemd, dersom leverandør støtter seg på kapasitet frå annan verksemd. Desse verksemdene må i tillegg levere separate egenerklæringar.

8 INNLEVERING AV TILBOD

Dette punktet er berre aktuelt for dei leverandørane som har vorte kvalifiserte og utvalde til å få levere tilbod etter enda kvalifiseringsrunde. Alle leverandørar må først levere førespurnad om deltaking, i samsvar med punktet over, for så å avvente eventuell invitasjon til å levere tilbod. Leverandørar som leverer førespurnad, men ikkje blir inviterte til å levere tilbod, vil få melding om dette.

Tilbodet skal leverast via Merccell-portalen.

8.1 *Tilbodets utforming*

Leverandør er ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt i konkurransegrunnlaget m/vedlegg blir svara på.

Tilbodet skal leverast etter den utforming det elektroniske systemet for innlevering beskriv.

Tilbodet skal innehalde følgjande dokument som skal namngjevast og strukturast samsvar med denne inndelinga:

1. Tilbodsbrev. Utfylt vedlegg 2
2. Prisskjema. Utfylt prisskjema
3. Løysingsspesifikasjon. Leverandør sitt svar på kravspesifikasjonen til Voss herad. Svar må bli gjeven i den rekkefølge punkta i kravspesifikasjonen føreligg.
4. Annan dokumentasjon i samband med tildelingskriteria.

9 VEDLEGG

- Vedlegg 1 – Førespurnad om deltaking
- Vedlegg 2 – Tilbudsbrev
- Vedlegg 3 – Prisskjema
- Vedlegg 4 – Kravspesifikasjon
- Vedlegg 5 - Kontrakt

Vedlegg 1

Alle leverandører som leverer førespurnad om deltaking i konkurransen, skal fylle ut og legge dette skjemaet med førespurnaden.

Leverandøren skal fylle ut tabellen og signere under tabellen.

| | | | |
|----------------|--|--------------|--|
| Firmanamn: | | | |
| Org.nummer: | | | |
| Postadresse: | | | |
| Besøksadresse: | | | |
| Telefonnummer: | | | |
| Kontaktperson: | | | |
| Telefonnummer: | | Mobilnummer: | |
| E-postadresse: | | | |

Leverandøren nemnt over spør med dette om deltaking i konkurransen.

| Stad | Dato | Underskrift |
|------|------|-------------------------|
| | | Namn med blokkbokstavar |

Vedlegg 2 Tilbudsbrev

Leverandører som er inviterte til å levere tilbud, skal fylle ut og levere dette skjemaet saman med tilbudet sitt.

Leverandøren skal fylle ut tabellen og signere under tabellen.

| | | | |
|----------------|--|--------------|--|
| Firmanamn: | | | |
| Org.nummer: | | | |
| Postadresse: | | | |
| Besøksadresse: | | | |
| Telefonnummer: | | | |
| Kontaktperson: | | | |
| Telefonnummer: | | Mobilnummer: | |
| E-postadresse: | | | |

Leverandøren nemnt over spør med dette om deltaking i konkurransen.

| | | |
|------|------|-------------------------|
| Stad | Dato | Underskrift |
| | | Namn med blokkbokstavar |

Vedlegg 3 Prisskjema

Pris ny mannskapsbil i henhold til kravspesifikasjon fritt levert DDP til Voss herad iht Incoterms 2020.

NOK.

Leveringstid for maskin.....

Opsjon på tilhengerfeste 50mm og 12 volt, 13 polet straumuttak: NOK.....

Opsjon på frestemateriell for oppheng av 2 slokkespyd m.m. : NOK.....

Pris serviceavtale per år: NOK..... X 5 år = NOK.....
(Serviceavtale gjeld for påbygget)

Prisar oppgjeven i ekskl. mva.

Dersom Voss herad etter å ha vurdert tilboda, ser at nokon av opsjonane ikkje vil bli aktuelle, vil desse heller ikkje inngå i evalueringa.